

Sak 3 Årsmelding 2022



Årsmelding Sogndal SV 27. januar 2022 - 25. januar 2023

Styret

Styret det siste året har vore:

Leiar: Steinar Øydvin,

Tone Einelia

Nestleiar: Hanne Sæbø

Milkissa Chimdessa

Styremedlemer:

1.vara: Gjøri Skjerdal

Vibeke Johnsen

2.vara: Aud Kari Isane

Tone Jørgensen

3.vara: Kjell Einar Barsnes

Carlo Aall

Revisor: Jan Sigurd Haugen



Årsmøtet 2022

Årsmøtet 2022 vart avhalde 26.januar på Leikanger Fjordhotell. Andreas Sjalg Unneland innleia til debatt og fylkesleiar Hege Lothe helsa årsmøtet. 18 stk var tilstades og 15 av dei med røysterett

Valnemd og nominasjonsnemnd

Årsmøtet valde desse til valnemnd: Elise Aardal, Oddbjørn Bukve og Brit Sundgot og ein frå SU. Styret supplerte i haust valnemnda med Anna Hamre for Elise Aardal og Tone Skjerdal for Oddbjørn Bukve.

Styret fekk fullmakt til å oppnemna nominasjonsnemnd, og på styremøtet i oktober vart desse valde: Ingrid Syse (leiar), Elise Aardal og Hanne Sæbø. SU oppnemnde sjølv Tea Volle.

Styrearbeid

Det har vore 8 styremøte i perioden – 4 våren og 4 hausten. Fleire av desse møta har vore på teams. Kommunestyregruppa har vore innkalla til styremøta. Tea Volle har vore innkalla som SU sin representant til styremøta, i haust har Andreas Liheim møtt på nokre av styremøta for SU . Styret har sendt ut fem medlemsbrev med informasjon om aktiviteten i lokallaget. I sommar flytta Milkissa til Os, og melde overgang til lokallaget der. Carlo Aall gjekk ut av styret i november.

Medlemmar

Sogndal SV hadde 92 medlemmar 07.01.2022. Det vart registrert 11 nye medlemmer i 2022, 8 av desse i november og desember. Diverre nådde me heller ikkje i 2022 målet om 100 medlemmar.

Møte og anna arbeid

- 7.2 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 12.-13.2- Vestland SV - fylkesårsmøte digitalt - Steinar, Vibeke, Oddbjørn B og Aud Kari
- 14.3 Vestland SV – utvida fylkesstyremøte - Vibeke, Steinar
- 16.-17.3 - Vestland SV – fylkesting Sogndal - Steinar, Vibeke
- 21.3 Sogndal SV – gruppe og styremøte
- 26.4 Vestland SV - skiping studentlag Sogndal - Steinar
- 1.5 Sogndal SV, LO og Ap - vanleg markering 1.mai
- 16.5 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 19.5 Vestland SV - utvida fylkesstyremøte - Vibeke, Steinar
- 21.5 Vestland SV - fylkesvalprogram Vestland SV - Steinar
- 7.6 Sogndal SV - medlemsmøte m/ Milkissa Chimdessa
- 8.6 SOFjoPride - Pride parade Førde -
- 20.6 Sogndal SV - sommaravslutning for styret og kom.styregr.
- 5.9 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 23.-24.9 – Vestland SV - fylkesvalprogram - Steinar
- 27.9 Vestland SV - lokallagsseminar
- 24.10 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 1.11 Sogndal SV – Innspelsmøte Leikanger - Gjøri og Anna
- 14.11 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 16.11 Sogndal SV - innspelsmøte Sogndal - Vibeke, Steinar, Mari
- 18.11 Sogndal SV - Oddny Miljeteig – vart diverre avlyst
19. – 20.11 – Vestland SV – nominasjonsmøte Vestland SV - Steinar, Kjell Einar, Anne
Skaar, Vibeke og Aud Kari
- 5.12 Sogndal SV - gruppe og styremøte
- 13.12 Vestland SV – utvida fylkesstyremøte m/ leiarnominasjon



Representasjon:

Fylkesstyret: Vibeke Johnsen

Leiar kvinnepolitisk utval Vestland SV: Vibeke Johnsen

1.vara Fylkestinget og 1.vara hovudutval kultur, idrett og integrering: Aud Kari Isane

1.vara hovudutval Næring og 6.vara fylkestinget: Steinar Øydvin

Medlem av fylkesvalprogrammet: Steinar Øydvin

Medlem av nominasjonsnemnda for Vestland SV: Vibeke Johnsen



Informasjonsarbeid / Media

Desse oppslaga har vore i media:

31.8.22 – Øydvin attvald – Steinar - Porten

8.2.22- veks ikkje berre på topp – Anna Hamre - SognAvis

17.2.22 – vil auka kapasitet i bhg – kom.gruppa SognAvis

23.2.22 – brannstasjonen - Vibeke - SognAvis

18.3.22 – Fekk fleirtalet mot seg – kom.gr -SognAvis

23.3.22 – Opna nytt beredskapssenter - Vibeke - SognAvis

25.3.22- Lanserer fjordby i Sogndal – Oddbjørn B - SognAvis

8.5.22 – Feira 8.mai... - Vibeke - SognAvis

16.5.22 – opna Fjøra pub - Vibeke - Porten

17.5.22 – feiringa av 17.mai - Vibeke - SognAvis

18.6.22 – frisbeegolf - Vibeke - Porten

24.6.22 – Uroa for deltaking i viktig - Vibeke - SognAvis

30.6.22- ..barnehagen er historie - Vibeke - Porten

28.7.22 – Tenkja oss godt om... - Vibeke - SognAvis

26.8.22 – ser på framtidens omsorgstilbod -Vibeke - SognAvis

12.9.22 – framlegg kutt 8 plassar - Vibeke - SognAvis

24.9.22 – Kutt av sjukeheimplassar - Vibeke - SognAvis

28.9.22 – Tautrekking - Vibeke - Porten

29.9.22 – slå lustringane i drakamp - Vibeke - SognAvis

5.10.22 – ny samlingsstad - Vibeke - Porten

10.11.22 – bit av bokbyen - Vibeke - SognAvis

18.11.22- Cruisekaien i Fjærland - Vibeke - SognAvis

2.12.22- Hekta på tiltak verdt 2,8 mill - kom.gruppa - SognAvis

17.12.22- Skal ta imot 140 flyktningar - kom.gruppa - SognAvis

20.12.22 – Uroa for klimaavtrykket - kom.gruppa -SognAvis

21.12.22 – Vil busette 140 flyktningar - Vibeke - Porten

2.1.23 – Kvinner i leiarposisjon - Vibeke - Porten

3.1.23 -Vibeke føler med Kenzo – Vibeke- – Sogn avis

Totalttal oppslag 20 oppslag i Sogn Avis og 8 i Porten

På **facebookside** er det 7.januar 2023 853 fylgjarar.

Økonomi –

Sogndal SV har ein god økonomi, ikkje minst takka partiskatten og posisjonen som varaordførar. Aktiviteten det siste året har og i periodar vore prega av nettmøte og færre opne fysiske møte. Vonaleg vil me i 2023 kunna arrangera fleire ordinære møte. Kapitalen lokallaget har bygd opp gjennom partiskatten ynskjer styret å nytta til auka aktivitet i lokallaget.

Vurdering av arbeidet

I fjor på årsmøtet vedtok ein å etablera temagrupper. Dette har me diverre ikkje klart å få til å fungera. Det har vorte sendt tilbod om å delta på innspelsmøte og opne møter i regi av lokallaget. På styremøta har og kommunestyregruppa vorte invitert inn. På gruppemøta har leiar alltid vore invitert, nokre av gruppemøta har og heile styret vorte invitert. Diverre fekk me ikkje arrangert møtet med Oddny Miljeteig i november. Styret har invitert Lars Haltbrekken til Sogndal 12.februar

Lat oss ta vare på
barn på flukt



SV



For dei
mange, ikkje
for dei få

SV

For styret

Steinar Øydvinn
-leiar-